

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 07.05.2020

### SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- FORSKOTERING OG KOMMUNALT TILSKOT TIL PRESTEGARDSTIEN DEL 2, EIVINDVIK IDRETTSLAG
- FRITAK FRÅ KOMMUNAL EIGEDOMSKATT ETTER EIGEDOMSSKATTELOVA § 7A
- GODKJENNING AV KOMMUNEDELPLAN FOR AVLØP 2020-2027
- GODKJENNING AV PROSJEKT 4211, HINDERLØYPE MED LYSANLEGG VED EIVINDVIK SKULE
- GODKJENNING AV ÅRSmelding 2019 FOR KONTROLLUTVALET I GULEN
- HØYRINGSUTTALE FRÅ GULEN KOMMUNE. STRATEGIDOKUMENT NORDHORDLAND UNESCO BIOSFÆREOMRÅDE 2020-2024
- PRISVURDERING FOR KOMMUNALE TOMTER I GÅTA BUSTADFELT, BYRKNES
- REGULERING AV INVESTERINGSBUJSJETTET FOR 2020. OVERFØRING AV UNYTTE LØYVINGAR FRÅ 2019
- GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2019 FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV ÅRSmelding 2019 FOR GULEN KOMMUNE
- SØKNAD OM STØTTE TIL GANG- OG SYKKELSTI HOVDEN-STEINE

Stad og tid: TEAMS møte (telefon/video)  
kl. 09.30. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i  
ekspedisjonen, og på internett:

[www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)

Publikum må sjå på heimesida for informasjon om oppkoppling eller ta kontakt med ekspedisjonen for å få tilgang til møtet.

Hallvard Oppedal, Ordførar

### Frå ordføraren

Kjære alle.  
Det er ei merkeleg tid vi er inne i, med eit virus som har prega heile verda, og det meste av samfunnet har vore nedstengt i fleire veker.



Skular og barnehagar har vore stengde, og dei fleste av oss har sitje på heimekontor. Næringslivet, og særleg småbedriftene våre slit, og utanlandske turistar som skulle ha komme på besøk denne sommaren kjem ikkje.

Dette er den største krisa og inngrisen i samfunnet vårt sidan krigen. Her hjå oss har vi inntil no klart å halde smitten under kontroll, men ein veit aldri kor tid vi får eit utbrot.

Vi har sett krisestab, og har mest daglege møter i den over nettet, og møte to dagar i veka med fylkesmannen for å halde oss oppdaterte på det nye som kjem frå Regjering og Storting.

Kommunen har laga planar for å takle dei situasjonane som vil oppstå dersom vi får eit utbrot, men det er veldig viktig at vi som innbyggjarar fyl dei råda som vert gitt for å ikkje spreie smitten.

For sjølv om det no vert letta på restriksjonane med opning av barnehage og småskulen, og hytteforbodet er oppheva, er det ikkje dermed sagt at faren er over. Vi må vere like forsiktige som vi har vore.

Så vil eg håpe på at vi snart er over dette, og at samfunnet sakte men sikkert kjem inn i gjenge att.

Men 17. maifeiring på tradisjonelt vis, sommarfestane og turismen vert ikkje den same dette året.


Til slutt vil eg gje ros til administrasjonen i kommunen som har hatt eit stort arbeid med å lage kommunale planar i den situasjonen vi er i. Eg vil også rose alle innbyggjarane våre som lojalt har fylgt opp råda frå oss og sentrale styringsmakter, og såleis hjelpt oss til å ha den kontrollen som vi har.

Helsing  
Hallvard Oppedal

## **Info frå Gulen sjukeheim og Eivindvik bu- og omsorgsenter**

Gulen sjukeheim og Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette takke Sparebanken Sogn og Fjordane for den generøse gaven vi har fått med kvar vår Ipad. Dette gjer at bebuarane våre lettare kan halde kontakt med sine pårørande gjennom bilde- / lyd kommunikasjon i forbindelse med at vi lyst halde sjukeheim og omsorgssenter stengt for besökande. Dette er til stor glede både for bebuarar og pårørande i denne spesielle tida vi er inne.


Mvh personell og bebuarar på sjukeheimen og Eivindvik bu- og omsorgsenter



Dementavdelinga takkar Ytre Gulen Sanitettslag for minnegåva gjeven til sansehagen i samband med Judith Napsøy si gravferd.

Med venleg helsing Brita Eidnes, avdelingssjukepleiar dementavdelinga Gulen sjukeheim.

## **Koronavirus. Informasjon til kommunen sine innbyggjarar**



Informasjon til kommunen sine innbyggjarar i koronasituasjonen skjer i hovudsak via kommunen sine heimesider og på kommunen si Facebookside. Me skulle gjerne ha nytta Infoposten til meir

kommunal informasjon i koronasituasjonen, men ting skjer raskt, nasjonale råd og påbod endrar seg nær sagt frå dag til dag. Infoposten brukar 1 veke frå den er produsert til den hamnar i postkassen din. Me er difor redd for at informasjonen du då får ikkje vil vere korrekt i forhold til sist oppdatert informasjon frå nasjonalt hald.

Har du ikkje tilgang til internett, allier deg med eit familiemedlem eller ein nabo slik at dei kan gje deg siste nytt frå kommunalt hald. Me oppmøder også alle som har tilgang til internett å vere med å spreie kommunal informasjon til dei som ikkje har tilgang.

De finn alltid sist oppdatert informasjon på heimesida, og kan evt sende e-post til [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no) dersom det er behov for ytterlegare avklaringar. Kriseleninga jobbar kontinuerleg, og ny informasjon går ut med ein gang den er klar.

På dei nasjonale nettsidene [www.fhi.no](http://www.fhi.no) og [www.helsenorge.no](http://www.helsenorge.no) er det mykje god informasjon om korleis innbyggjarane skal førebygge og opptre ved smitte. Her finn de også informasjon på ulike språk.

Gulen kommune ynskjer dykk alle fine várðagar. Hald hjartet varmt og hovudet kaldt!

### **GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLING (GMU)**

Ynskjer du å starte di eiga verksemد, eller er du godt etablert?

Treng du oversikt over ledig næringsareal?

Eller ynskjer du å busetje deg i Gulen og Masfjorden?

Gulen og Masfjorden Utvikling yter gratis etablerarrettleiing, og kan hjelpe med søknader til næringsfondet i Gulen og Kraftfondet i Masfjorden.

GMU har også oversikt over tomtareal anten det er privat eller til næring og kan tipse om ledige stillingar.



Ta kontakt med Ragnhild Undertun,  
tlf 901 42 025 - e-post [ragnhild@gmu.no](mailto:ragnhild@gmu.no)

Sløvågen 2 – 5960 Dalsøyra

Følg oss på FB; <https://www.facebook.com/gmutvikling/>





# Slik avslører du falske nyheter

Å lære seg å avsløre falske nyheter er en effektiv vaksine mot å bli lurt, eller å komme i fare for å lure andre. Dette er spesielt viktig i en krise som den vi er inne i nå.

## Hva er falske nyheter?

En falsk nyhet er en nyhetslignende sak som fremstår som ekte, men som helt eller delvis er basert på løgn, eller har utelatt viktig informasjon for å etterlate et bestemt inntrykk. Hensikten kan være å påvirke meningene dine, skape forvirring og uro i befolkningen eller å tjene penger.

## Hvorfor er falske nyheter farlig?

Norge er et land som preges av høy tillit. Vi stoler på hverandre, og det er tillit mellom innbyggerne og myndighetene. Denne tilliten er en styrke i krisesituasjoner, men den kan også

utnyttes av de som har en egeninteresse av å spre feilinformasjon.

Falske nyheter kan i verste fall forsterke en pågående krise og føre til at du handler i strid med viktige sikkerhetsråd – uten å ville det. Et eksempel på en slik falsk nyhet kan være oppfordringer til å hamstre mat eller andre varer.

Den alvorligste konsekvensen av falske nyheter over tid, er at tilliten til myndigheter, media og vitenskap svekkes.

# Tips for å avsløre falske nyheter

## Virker saken for utrolig?

Vær skeptisk til fengende eller utrolige overskrifter. Det som virker for utrolig til å være sant, kan være nettopp det.

## Hvem står bak?

Er du i tvil – undersøk kilden. Både hvem som har skrevet saken, og hva det står i nettadressen (url). Falske nyheter har ofte en nettadresse som likner på en kjent nyhetskilde, men som ikke er identisk.

## Finner du saken andre steder?

Ekte nyheter spres fort. Sjekk gjerne flere kilder for å se om du kan finne ut mer om saken andre steder. En oppsiktsvekkende sak som ikke finnes flere steder, gir grunn til å være skeptisk.

## Blir du sint når du leser saken?

Vær ekstra oppmerksom på saker som vekker sterke følelser. De fleste falske nyheter er laget for å få deg til å reagere, gjerne raskt slik at du kommenterer eller deler.

## Tror du på bilder?

Bilder kan også lyve. Falske nyhetssaker bruker ofte bilder som er hentet fra andre saker/nettsider, eller bilder som er manipulert. Bruk et bildesøk for å finne ut mer om hvor bildet stammer fra. Les mer om bildesøk på Faktisk.no.

## Hvilke kilder oppgis i teksten?

Falske nyheter bruker ofte diffuse vendinger som «mange eksperter er enig om at» eller viser til «undersøkelser» uten nærmere beskrivelser.

## Lær mer

På Medietilsynet.no og Faktisk.no finner du mer informasjon om falske nyheter og hvordan du kan avsløre dem. Der kan du også teste hvor god du er til å avsløre falske nyheter.

På Regjeringen.no/korona finner du all viktig informasjon fra regjeringen og departementene om tiltak og råd til befolkningen i forbindelse med koronaviruset.

*Du er en del av Norges beredskap  
– også mot falske nyheter.*





GULEN KOMMUNE  
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



# ÅRSMELDING 2019

## FOR

# GULEN KOMMUNE


Godkjent av Gulen kommunestyre i K-sak xx/20, datert 07.05.20

## POLITISK ORGANISERING

<p><b>Kommunestyret fram til 17.10.19</b></p> <p>Senterpartiet (9): Hallvard Hallstein Oppedal (ordførar), Helga Irene Ellingsen (permisjon frå 01.04.19), Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Johnny Leidvin Langvatn, Jon Ivar Steine, Lars Magnus Neverdal, Rolf Daniel Midtun, Arnhild Kjellevold  Høgre (5): Reidar Bøe, Stein-Inge Larsen, Bjørn Brekke, Ivar Eide, Kristin Mjanger  Arbeidarpartiet (3): Odd Harald Eide (varaordførar), Gerd Ingunn Ynnesdal, Rune Håvåg  Venstre – uavhengige frå 09.02.2018 (3): Bjarte Undertun, Daniel Olai Kvernøy, Margrethe Thune Trædal  Kristeleg Folkeparti (1): Ingolf Wergeland</p>	<p><b>Kommunestyret frå 17.10.19</b></p> <p>Senterpartiet (9): Hallvard Hallstein Oppedal (ordførar), Rolf Daniel Midtun, Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Lars Magnus Neverdal, Johnny Leidvin Langvatn, Nils Inge Ynnesdal, Beate Haugland, Jon Ivar Steine  Høgre (oppheveleg 6, men 5 frå 17.12.19): Ivar Eide, Stein-Inge Larsen (uavhengig frå 17.12.19), Kristin Mjanger, Øyvind Bøe, Trond Ove Høie, Kristin Kvamme Rasch  Arbeidarpartiet (4): Bjarte Undertun, Margrethe Thune Trædal, Odd Harald Per Eide (varaordførar), Anne Marit Brekken Oppedal  Kristeleg Folkeparti (1): Ingolf Wergeland  Venstre (1): Aslak Kjetil Nyhammer</p>
<p><b>Formannskapet fram til 17.10.19</b></p> <p>Hallvard H. Oppedal (Sp), Helga Irene Ellingsen (Sp) (permisjon frå 01.04.19), Ivar Eide (H), Odd Harald Eide (Ap), Bjarte Undertun (V/Uavhengig)</p>	<p><b>Formannskapet frå 29.11.19 *)</b></p> <p>Hallvard H. Oppedal (Sp), Kristin Margrete Byrknes (Sp), Ivar Eide (H), Odd Harald Eide (Ap), Ingolf Wergeland (KRF/V)</p>
<p><b>Hovudutvala fram til 17.10.19</b></p> <p>Plan og utvikling: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Rune Håvåg (Ap, nestleiar), Arnhild Kjellevold (Sp), Stein-Inge Larsen (H), Daniel Olai Larsen (V/Uavhengig)  Omsorg: Johnny L. Langvatn (Sp, leiar), Merete Å. Misje (Ap, nestleiar), Kristin Margrete Byrknes (Sp), Bjørn Brekke (H), Ingolf Wergeland (Krf)  Oppvekst: Rolf Daniel Midtun (Sp, leiar), Gerd Ingunn Ynnesdal (Ap, nestleiar), Lars Magnus Neverdal (Sp), Ingvild Høydal (V/Uavhengig), Kristin Mjanger (H)</p>	<p><b>Hovudutvala frå 29.11.19 *)</b></p> <p>Plan, utvikling og klima: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Bjarte Undertun (Ap, nestleiar), Beate Haugland (Sp), Anne Marit Brekken Oppedal (Ap), Trond Ove Høie (H)  Omsorg: Johnny Leidvin Langvatn (Sp, leiar), June Glenjen Omdahl (Ap, nestleiar), Rolf Daniel Midtun (Sp), Lars Magnus Neverdal (Sp), Kristin Mjanger (H)  Oppvekst: Margrethe Thune Trædal (Ap, leiar), Severin Slettebø Rokne (Ap), Nils Inge Ynnesdal (Sp, nestleiar), Veslemøy Dingen (V), Kristin Kvamme Rasch (H)</p>

**\*)** Fylkesmannen i Vestland oppheva med heimel i kommunelova § 27-3 vedtaket frå Gulen kommunestyre 17.10.2019, sak 79/19 Val av formannskap for perioden 2019-2023 då to av listeframlegga var i strid med kommunelova § 7-5 og § 7-6 om krav til kjønnsrepresentasjon. Når valet var gjennomført på bakgrunn av ulovlege listeframlegg, var heile formannsskapsvalet ugyldig. Det fekk konsekvensar også for andre val, sakene 80-81/19, og 83-86/19. Det vart gjennomført nyval 29.11.19.

## ADMINISTRATIV ORGANISERING





## TILBAKEBLIKK PÅ 2019 – SLIK KOMMUNEDIREKTØREN SER DET

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk og er eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument. Årsmeldinga viser at kommunen har høg aktivitet og eit breitt fokus i sitt virke. Folkevalde og tilsette har alle ei viktig rolle i Gulen kommune sitt samfunnsoppdrag – yte gode tenester og med det sikre at Gulen er ein god og trygg kommune å bu i.

Kommunen hadde ekstraordinære inntekter i 2019 som medførte at netto driftsresultat vart på kr 21 mill. I 2018 vann kommunen ein viktig dom i lagmannsretten (stadfesta i Högsterett i 2019). Dommen slo fast at kommunen har rett på kompensasjon for at det vert lagra lågradioaktivt avfall i kommunen. Utbetalinger i 2019 utgjorde samla kr 24,3 mill. inkludert etterbetaling heilt tilbake frå 2016. Kommunen mottok også kr 7,8 mill. i frå Havbruksfondet.

Kommunen hadde eit rekneskapsmessig overskot på kr 4 mill. (mot kr 1,8 mill. året før). Det rekneskapsmessige resultatet seier at faktisk pengebruk vart om lag som kommunestyret planla medan faktiske inntekter vart noko høgre enn forventa. Hovudårsaka til dette er høgare skatteinngang enn budsjettet. I tillegg har vi nokre budsjetterte løyingar som ikkje vart fullt ut nytta. Det er ikkje noko mål i seg sjølv at kommunen skal gå med overskot, vi er likevel avhengig at eit visst slingringsmonn for å sikre at vi har noko i bakhand dersom det skjer uføresette ting. På mange måtar kan kommuneøkonomien samanliknast med ein privatøkonomi. Viktig med god planlegging og fornuftig bruk av midlar. Det er interessant å analysere kommunen sin økonomi på ein slik måte at ein ser på korleis korleis dei «vanlege» utgiftene er i høve til dei «vanlege» inntektene. Då vert sterkt varierande inntekstpostar og utgiftspostar trekt ut. Vurderer me kommunen sin økonomi på den måten går kommunen si drift med kr 5,5 i minus. Det er ikkje berekraftig på sikt.

Me som innbyggjarar i Gulen ilag med resten av verda opplever no å vere i ein spesiell situasjon. Det pågår no eit omfattande pandemibrot (Covid-19), eit utbrot som på fleire måtar vil få store konsekvensar for mange. Når innleiinga til årsmeldinga er under arbeid er status i Gulen kommune at me er inne i vår tredje veke med stengde skular og barnehagar. Me har enno ikkje kjende smittetilfeller, men jobbar kvar dag med å førebu oss med planlegging av drift i ein situasjon med utbrot, sikring av nok mannskap og utstyr.

Det er venta at pandemien vil få konsekvensar for mange. På kort tid er tal for arbeidsløyse i Gulen auka frå 0,9 til 5%. På landsbasis er tala endå høgre. Det er venta auka utgifter og reduserte inntekter for kommunen, omfanget ser me ikkje pr no. På mange måtar kan me sei at meir er på «vent». Mange førebyggande tiltak og redusert aktivitet medan me ventar på eit smitteutbrot. Me er spente på utviklinga i Gulen. Når innbyggjarane les denne årsmeldinga fram mot sommaren vil me allereie vite meir.

Om økonomien i Gulen kan me oppsummert sei at det økonomiske handlingsrommet framover er noko uavklart. God økonomisk styring i åra som kjem er viktigare enn nokon gong.

Me fekk sluttført viktige investeringar i 2019. Ånneland vassverk, gang- og sykkelveg Nesevågen Byrknes, avlaupssanering Nesevågen, Dagsturhytta, kunstgrasbane Eivindvik skule, oppgradering kommunale vegar, ymse IKT-investeringar er nokre av dei største prosjekta. Kjekt å kunne kvittere ut viktige prosjekt som innbyggjarane i kommunen har venta på.

God styring krev dyktige leiarar, og vi har mange dyktige leiarar i Gulen kommune. Mange av tenestene vert levert 24 timer i døgnet, 365 dagar i året. Det er særskilt viktig i ein spreidtbygd kommune der arbeidskraft er ein knapp ressurs.

Det er svært givande å jobbe for lokalsamfunnet, og sjølv om det kan vere travle dagar finn eg stor glede i å samarbeide med politisk nivå, tilsette, tillitsvalde, næringslivet og frivilleg sektor. Tusen takk til dykk alle for innsatsen i 2019!

Gulen, 30. mars 2020  
Reidun K. Halland  
Kommunedirektør

## ØKONOMISK STATUS

### Utviklingstrekk i driftsrekneskapen

(alle tal i kr)	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Auke
	2015	2016	2017	2018	2019	2018-19
<b>DRIFTSINNTEKTER</b>						
Brukabetalinger	7 786 160	7 822 067	9 120 520	9 377 725	<b>9 362 655</b>	-0,2 %
Andre sals- og leigeinntekter	13 372 979	13 568 756	16 104 537	16 550 976	<b>17 872 506</b>	8,0 %
Overføringer med krav til motttingar	31 015 783	33 482 585	34 435 848	41 066 517	<b>39 028 515</b>	-5,0 %
Rammeoverføringer	91 744 958	92 749 447	94 265 368	100 992 950	<b>98 842 653</b>	-2,1 %
Andre statlege overføringer	4 774 429	9 648 928	9 064 811	44 556 753	<b>17 372 295</b>	-61,0 %
Andre overføringer	8 855 063	2 263 051	2 574 777	4 342 626	<b>30 093 442</b>	593,0 %
Inntekts- og formueskatt	62 352 564	71 148 126	70 894 196	66 356 527	<b>75 568 545</b>	13,9 %
Eigedomsskatt	14 980 829	15 246 034	15 295 712	21 824 103	<b>22 880 647</b>	4,8 %
Andre direkte og indirekte skattar	350 643	367 130	367 130	367 130	<b>369 614</b>	0,7 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>235 233 408</b>	<b>246 296 124</b>	<b>252 122 898</b>	<b>305 435 307</b>	<b>311 390 872</b>	1,9 %
<b>DRIFTSUTGIFTER</b>						
Lønsutgifter	134 082 259	141 417 676	147 503 359	153 305 916	<b>158 171 120</b>	3,2 %
Sosiale utgifter	32 378 260	29 920 747	32 077 689	32 730 714	<b>35 188 140</b>	7,5 %
Kjøp som inngår i kom. tenesteproduksjon	28 656 371	34 348 433	34 383 290	37 934 627	<b>42 341 055</b>	11,6 %
Kjøp av som erstattar kom. tenesteprod.	21 561 407	23 915 393	26 756 258	24 684 092	<b>31 357 990</b>	27,0 %
Overføringer	11 962 670	13 878 436	17 271 483	20 606 895	<b>21 926 972</b>	6,4 %
Avskrivningar	5 803 424	6 436 409	6 535 253	7 353 866	<b>9 051 918</b>	23,1 %
Fordelte utgifter	-2 535 144	-5 436 465	-5 079 384	-6 007 697	<b>-5 705 169</b>	-5,0 %
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>231 909 247</b>	<b>244 480 629</b>	<b>259 447 949</b>	<b>270 608 413</b>	<b>292 332 026</b>	8,0 %
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>3 324 161</b>	<b>1 815 495</b>	<b>-7 325 051</b>	<b>34 826 894</b>	<b>19 058 846</b>	
<b>FINANSINNTEKTER</b>						
Renteinntekter og utbyte	3 052 483	3 055 885	3 087 308	2 882 182	<b>4 671 000</b>	62,1 %
Mottekne avdrag på lån	119 240	133 280	99 103	94 600	<b>123 991</b>	31,1 %
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>3 171 723</b>	<b>3 189 165</b>	<b>3 186 410</b>	<b>2 976 782</b>	<b>4 794 991</b>	61,1 %
<b>FINANSUTGIFTER</b>						
Renteutgifter og låneomkostningar	2 079 309	1 909 758	2 424 884	2 625 605	<b>3 530 457</b>	34,5 %
Avdrag på lån	5 248 892	5 248 892	7 088 892	7 598 032	<b>8 384 076</b>	10,3 %
Utlån	26 541	2 500	8 744	115 799	<b>0</b>	-100,0 %
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>7 354 742</b>	<b>7 161 150</b>	<b>9 522 520</b>	<b>10 339 436</b>	<b>11 914 533</b>	15,2 %
<b>Resultat finanspostar</b>	<b>-4 183 019</b>	<b>-3 971 985</b>	<b>-6 336 109</b>	<b>-7 362 654</b>	<b>-7 119 542</b>	-3,3 %
Motpost avskrivningar	5 803 424	6 436 409	6 535 253	7 353 866	<b>9 051 918</b>	23,1 %
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>4 944 566</b>	<b>4 279 919</b>	<b>-7 125 907</b>	<b>34 818 106</b>	<b>20 991 222</b>	
Justeringsfaktorar*	6 906 955	236 627	-5 529 286	31 711 475	<b>26 534 313</b>	
<b>Justert netto driftsresultat</b>	<b>-1 962 389</b>	<b>4 043 292</b>	<b>-1 596 621</b>	<b>3 106 631</b>	<b>-5 543 091</b>	
<b>Rekneskapsmessig resultat</b>	<b>5 355 444</b>	<b>3 994 503</b>	<b>219 770</b>	<b>1 811 114</b>	<b>4 028 927</b>	

\*Her er lagt inn inntekter frå NORM-kompensasjon 2015-2016 og 2019, rettsleg avklaring om NORM-kompensasjon i 2017-18, utgifter til veg Skipavika, breibandsnett og nytaksering eigedomsskatt, og inntekt frå Havbruksfondet i 2018 og 2019. Desse inntektene og utgiftene kjem i tillegg til dei «vanlege» inntektene og utgiftene i driftsrekneskapen, og gjer at driftsresultatet kan variere mykje frå år til år.

### Driftsinntektene

Dei største inntektspostane for kommunen er Rammeoverføringer og Inntekts- og formueskatt, som samla auka med 4,2 %.

Etter nedgang på 6,4 % i 2018, auka skatteinntektene med heile 13,9 % i 2019 (kr 9,2 mill.), mot ein gjennomsnittleg landsvekst på 4,7 %. Skattenivået utgjorde 101,9 % av landsgjennomsnittet, mot 92,2 % i 2018 og 100,4 % i 2017. Den høge skatteveksten førte til redusert inntektsutjamning, og samla rammeoverføringer gjekk ned med 2,1 % (kr 2,1 mill.).

Eigedomsskatt auka med 4,8 % (kr 1,0 mill.) i 2019 som følgje av inntekt frå nye objekt.

Brukabetalinger hadde ein svak nedgang, med 0,2 %. Brukarbetalingane ved Gulen sjukeheim utgjer om lag halve inntekta, barnehage- og SFO-betaling utgjer og mykje. Begge desse gjekk litt ned i 2019, saman med brukabetalingane til kulturskulen.

Andre sals- og leigeinntekter, som i hovudsak gjeld dei ulike gebyra innafor teknisk sektor og husleigeinntekter, auka med 8,0 %.

Overføringer med krav til mottaking gjekk ned med 5,0 % (kr 2,0 mill.). Refusjon for utgifter til ressurskrevjande brukarar, sjukelønsrefusjon og kompensasjon for meirverdiavgift er dei største inntektspostane. Mykje av reduksjonen i 2019 skuldast endra bokføring, som ga auka inntekter under Andre overføringer, men refusjonen til ressurskrevjande brukarar vart redusert med om lag kr 0,7 mill. frå året før.

Andre statlege overføringer gjekk ned med heile 61,0 % (kr 27,2 mill.) i 2019, som nesten svarte til den reduserte inntekta frå Havbruksfondet i høve til 2018.

Posten Andre overføringer auka med 593,0 % (kr 25,7 mill.) i 2019, i hovudsak som følgje av kr 24,3 mill. i innbetalte NORM-kompensasjoner.

Samla auka driftsinntektene med 1,9 % (kr 6,0 mill.) i 2019.

#### Driftsutgiftene

Lønsutgiftene auka med 3,2 % (kr 4,9 mill.), som følgje av generell lønsauke og noko stillingsauke. Sosiale utgifter (arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie) auka med 7,5 % på grunn av høgare pensjonsinntektingar.

Kjøp som inngår i kommunal tenesteproduksjon auka med 11,6 % (kr 5,0 mill.). Auka innsats innafor vedlikehald utgjorde mesteparten av auken (kr 3,2 mill.).

Kjøp som erstattar kommunal tenesteproduksjon auka med 27,0 % (kr 6,7 mill.), mellom anna som følgje av at rekneskapen for NAV no er ført i Masfjorden kommune (kr 2,1 mill.), auka kjøp av BPA-tenester (kr 1,8 mill.) og auka tenestekjøp knytt til IKT-samarbeid (kr 0,7 mill.).

Overføringer auka med 6,4 % som følgje av auka mva.-kompensasjon.


Avskrivningar auka med 23,1 %, i hovudsak som følgje av full aktivering av Hovden barnehage og Sløvåg vassforsyning.

Samla auka driftsutgiftene med 8,0 % (kr 21,7 mill.) i 2019.

#### Finanspostane

Noko aukande lånegjeld dei siste åra har gitt aukande negativt resultat av finanspostane, frå om lag kr 0 i 2010 til opp mot minus kr 7,1 mill. i 2019. På grunn av dei høge inntektene knytt til Havbruksfond i 2018 vart auka rente- og avdragsutgifter i 2019 på kr 1,6 mill. om lag kompensert med auka finansinntekter. Gulen kommune har lågare lånegjeld enn gjennomsnittet i landet.

#### **Økonomisk resultat**



#### Brutto- og netto driftsresultat, justert netto driftsresultat

Brutto driftsresultat vart kr 19 058 846 i 2019. Brutto driftsresultat er mindreforbruket (overskotet) etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er teke med.

Netto driftsresultat var på kr 20 991 222. I netto driftsresultat er finanspostane med, men avskrivingane er "nulla ut". I staden er avdragene inkludert.

Årsoppgjersdisposisjonar som bruk av fond og avsetting til fond inngår ikkje i driftsresultatomgrepene. Både brutto- og netto driftsresultat vart difor høge også i 2019, trass høge avsettingar til disposisjonsfond.

Gulen kommune har i nokre år nytta resultatmålet «Justert netto driftsresultat» (JND), for å vise korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" inntektene. Sterkt varierande inntektspostar i rekneskapen er trekt ut, i første rekke kompensasjonen til Gulen kommune for lagring av «Normally Occured Radioactive Material» (NORM) i Gulen industrihamn, og frå 2018 er inntekta frå Havbruksfondet, som utgjorde om lag kr 36,2 mill. i 2018 og kr 7,8 mill. i 2019, rekna som ein slik post. Inntektene frå Havbruksfondet er uvisse framover, og vil avhenge av pris og volum for nye konsesjonar og om ordningane for skattlegging av havbruksnæringa vert endra av Stortinget i år. NORM-kompensasjonen, som utgjorde kr 24,3 mill. i 2019 etter etterbetaling heilt

frå 2016, er no sikra framover som følgje av dom frå lagmannsretten i 2018 om retten til slik kompensasjon. Inntekta vil variere med kor stort volum som vert deponert til ein kvar tid. Justeringsfaktorane i 2017-19 gjeld og ekstraordinære postar på utgiftssida. Kommunalt tilskot til utbygging av breiband (kr 2,1 mill.), ekstra reasfaltering (kr 2 mill.) og ekstra vedlikehald av kommunale bygg (kr 1,5 mill.) er rekna som slike postar i 2019. JND vert etter dette minus kr 5,5 mill., som tilseier at Gulen kommune ville hatt ei vesentleg utfordring med å få til ei drift i økonomisk balanse utan inntektene frå NORM-kompensasjon og Havbruksfondet, sjølv når dei ekstraordinære utgiftene er rekna frå.

### Tilrådd resultatmargin, 1,75 % av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Ein "sunn" kommuneøkonomi inneber ein driftsmargin på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter (om lag det same som eit resultat rundt 0 i privat sektor), ut frå utrekningar gjort av Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU). Dette utgjorde i 2019 om lag kr 5,4 mill. for Gulen kommune, som er indikert med den stipla linja i figuren over. 2019-resultatet i Gulen kommune var altså langt over den tilrådde standard resultatmarginen, som følgje av inntektene på om lag kr 32,1 mill. frå Havbruksfondet og NORM-kompensasjon inkl. etterbetaling.

### Rekneskapsmessig resultat (RR)

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsettingar og andre årsoppgjersdisposisjonar. RR fortel om kommunestyret sin planlagde pengebruk og forventa inntekter (budsjett) samsvarar med faktisk pengebruk og faktiske inntekter (rekneskap). Resultatmålet skal i teorien syne kr 0 med fullgod økonomistyring, men vil ofte syne noko mindreforbruk på grunn av løyvingar som ikkje fullt ut vart nytta i meldingsåret og eit rettmessig fokus på å unngå overskridning av utgiftsrammene. Driftsrekneskapen for 2019 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4 028 927. Hovudårsaken til dette er om lag kr 2,6 mill. høgare inntektsside enn budsjettet, medan nettoutgiftene på rammeområda samla vart om lag kr 1,3 mill. lågare enn budsjettet. Nokre løyvingar i 2019 som ikkje vart fullt ut nytta/utbetalte dette året, mellom anna til breiband, må vurderast budsjettet opp att i 2020. Disponering av unytta midlar frå 2019 vert gjort i politisk sak om godkjenning av årsrekneskapen, i løpet av 1. halvår 2020.

### Driftsavvik fordelt på resultateiningar

Rammeområde	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Revidert budsjett 2019	Avvik i krone	Avvik i %
100 Ymse føremål	23 004 864	24 056 496	29 127 367	29 396 932	30 781 448	36 310 430	-5 528 982	-15,2 %
200/250 Oppvekst	3 698 141	3 969 852	3 738 648	3 260 141	5 605 101	5 511 748	93 353	1,7 %
211 Brekke barnehage og skule	11 884 361	12 182 819	12 277 388	12 526 393	13 062 330	12 612 032	450 298	3,6 %
212 Byrknes barnehage og skule	9 006 354	9 702 307	9 628 371	9 332 291	10 346 572	10 336 273	10 299	0,1 %
213 Dalsøyra barnehage og skule	12 421 753	13 017 821	13 012 713	13 937 495	15 312 101	14 462 333	849 768	5,9 %
214 Eivindvik barnehage og	12 933 369	14 895 521	16 652 546	18 033 693	18 426 626	17 836 653	589 973	3,3 %
300 Omsorg		7 965 937	8 161 751	7 976 483	8 759 083	8 788 442	-29 359	-0,3 %
310 Helse	15 186 717	9 384 971	10 636 598	10 116 649	11 616 673	12 141 356	-524 683	-4,3 %
355 NAV	2 478 440	5 026 353	5 832 768	5 969 819	3 149 077	2 401 706	747 371	31,1 %
360 Barnevern	2 030 191	2 244 971	2 024 159	2 065 339	2 275 107	2 163 658	111 449	5,2 %
371 Eivindvik sone	28 783 854	29 873 953	29 141 798	29 059 942	28 477 919	29 926 811	-1 448 892	-4,8 %
376 PU-tenesta	13 533 754	14 401 798	15 454 862	15 862 347	18 449 746	16 351 760	2 097 986	12,8 %
377 Sone BBD	17 773 363	18 875 836	19 212 947	21 270 872	23 840 730	22 808 338	1 032 392	4,5 %
400 Plan, landbruk og teknisk	23 823 012	25 948 413	23 764 908	13 954 889	6 749 023	6 651 961	97 062	1,5 %
450 Egedomsforvaltning				15 174 743	27 471 152	27 318 572	152 580	0,6 %
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>176 558 173</b>	<b>191 547 048</b>	<b>198 666 824</b>	<b>207 938 028</b>	<b>224 322 688</b>	<b>225 622 073</b>	<b>-1 299 385</b>	<b>-0,6 %</b>

### Avvik i høve til budsjett 2019

Elleve av rammeområda hadde meirforbruk, medan fire hadde mindreforbruk. Nokre av avvika vert kommenterte særskilt under:

- 100 Ymse føremål brukte heile kr 5,5 mill. (15,2 %) mindre enn budsjettet, av dette utgjorde lågare utbetalinger til breiband enn rekna med kr 2,9 mill., ikkje budsjetterte inntekter frå fordelte utgifter kr 0,9 mill., lågare lønsutgifter enn budsjettet kr 0,9 mill., lågare utgifter til prosjekt Egedomsskatt kr 340 000 og ulike unytta løyvingar kr 320 000.
- 211 Brekke barnehage og skule hadde eit meirforbruk på kr 450 000 (3,6 %), 213 Dalsøyra barnehage og skule hadde eit meirforbruk på kr 850 000 (5,9 %), og 214 Eivindvik barnehage

og skule hadde eit meirforbruk på kr 590 000 (3,3 %). Meirforbruket skuldast i hovudsak høgare lønsutgifter enn budsjettet knytt til barnehage.

- 310 Helse hadde eit mindreforbruk på kr 525 000 (-4,3 %), som i hovudsak skuldast høgare brukarbetaling og refusjon frå staten enn budsjettet til den nyopprettet kommunale legetenesta.
- 355 NAV hadde eit meirforbruk på kr 747 000 (31,1 %). Høgare utgifter til livsopphald enn lagt inn i budsjettet var ein viktig årsak til avviket.
- 360 Barnevern hadde eit meirforbruk på kr 111 000 (5,2 %), som følgje av eit tenestekjøp som vart innmeld, men ikkje lagt inn i budsjettet.
- 371 Eivindvik sone hadde eit mindreforbruk på kr 1 449 000 (4,8 %), som i hovudsak skuldast mindre hjelpebehov enn budsjettet med, både innafor institusjonstenesta og heimebasert omsorg.
- 376 PU-tenesta hadde eit meirforbruk på kr 2 098 000 (12,8 %), mykje som følgje av at ordninga med BPA førte til høgare utgifter for kommunen enn rekna med i budsjettet.
- 377 Sone BBD hadde eit meirforbruk på kr 1 032 000 (4,5 %). Hjelpebehovet vart høgare enn lagt opp til i budsjettet, i tillegg førte høgt sjukefråvær og vanskar med å skaffe vikarar til at vikarbyrå måtte leigast inn ved fleire høve.

Samla mindreforbruk på rammeområda vart kr 1,3 mill. (0,6 %), men dei fleste rammeområda hadde meirforbruk i meldingsåret.

#### Utviklinga i utgifter frå 2018 til 2019

Nettoutgiftene for rammeområda auka med heile kr 16,4 mill. i 2019 (7,9 %), etter auke på kr 9,2 mill. i 2018 (4,7 %) og kr 7,1 mill. (3,7 %) i 2017. 400 Plan, landbruk og teknisk/450 Egedomsforvaltning, som vert vurdert i lag på grunn av deling i to einingar frå 01.07.18, hadde ei auke på kr 5,1 mill. (17 %). Auken skuldast mellom anna heilårsverknaden av delinga, og auka satsing på veteranærstøtte (kr 0,1 mill.), veglys (kr 0,5 mill.), vedlikehaldstiltak (kr 2,1 mill.) og reasfaltering (kr 3 mill.) i budsjettåret.

2xx Oppvekst hadde ei samla auke på 5,7 %, etter justering for overføring av flyktningetenesta frå ansvar 355 til ansvar 200 frå 2019. 3xx Omsorg hadde ei auke på 7,2 % etter justering for same endring, med vesentleg auke innafor PU-tenesta på grunn av auka communal eigenfinansiering knytt til ressurskrevjande brukarar og auka utgifter som følgje av krav knytt til BPA-ordninga (Brukarstyrt Personleg Assistent). Utviklinga syner elles ei dreining av ressursbruken frå institusjon til heimebasert omsorg i tråd med omsorgsplanen.

#### **Investeringsrekneskapen**

Dei samla investeringane i anleggsmidlar var kr 20,7 mill. i 2019. I tillegg ligg eigenkapitalinnskot i KLP (kr 0,8 mill.), kommunale utlån (kr 2,7 mill. i husbankutlån og -avdrag) og avsettingar (kr 0,3 mill.) på utgiftssida, slik at samla finansieringsbehov vart kr 25,8 mill. Finansieringsbehovet vart dekt inn med lån (kr 15,3 mill.), inntekter frå sal av tomter og bil (kr 0,4 mill.), meirverdiavgiftskompensasjon (kr 2,5 mill.), mottekne avdrag og refusjonar (kr 1,4 mill.), tilskot frå andre (kr 2,7 mill., i hovudsak knytt til Ånneland vassverk (kr 1,7 mill.), Dagsturhytta (kr 0,4 mill.), utviding Brekke barnehage (kr 0,3 mill.) og uteområde Brekke barnehage og skule (kr 0,3 mill.)), og bruk av disposisjonsfond (kr 3,5 mill.).

Dei største investeringsutgiftene i 2019 var knytt desse prosjekta: Ånneland vassverk (kr 5,7 mill.), oppgradering av kommunale vegar (kr 2,5 mill.), ymse IKT-investeringar (kr 2,0 mill.), gang- og sykkelveg Nesevågen, Byrknes (kr 1,7 mill.), kunstgrasbane Eivindvik skule (kr 1,7 mill.), avlaupssanering Nesevågen (kr 1,4 mill.) og kjøl-/frys-/SD-investeringar ved Gulen sjukeheim (kr 1,1 mill.).

<b>Andre investeringsprosjekt i 2019</b>	
Bil dagsenter PU	Vassforsyningstiltak
Geovekstprosjekt	Solskjerming Gulen sjukeheim
Dalsøyra bu- og omsorgssenter – sprinklaranlegg, omsorgsbustader	Eivindvik skule – ventilasjon, bossanlegg og løpebane
Byrknes skule – ventilasjon og gjerde	Brannsikring og oppgradering bygg
Dagsturhytte	Trafikktryggingstiltak
Ambulansestasjon Dalsøyra	Kommunehuset, bosstasjon
Brannsikring, enøk, universell utforming	Ombygging og utstyr, reinhaldsfunksjonar

Opphaveleg investeringsbudsjett for anleggsmidlar i 2019 var på kr 31,7 mill. Gjennom året vart budsjettet auka som følgje av overføringer av unytta løvingar frå 2018 til 2019, men redusert att i desember på grunn av lågare framdrift enn lagt opp til. Samla investeringsnivå vart kr 0,2 mill. lågare enn i revidert budsjett. Om lag halve etterslepet på kr 28,7 mill. frå 2019 er planlagt budsjettet inn att i 2020, medan resten er planlagt vurdert lagt inn seinare.

## Balanserekneskapen

Balansen er sterkt påverka av nivået på kommunen sine framtidige pensjonsplikter. I 2019 auka pliktene med kr 19,5 mill., til kr 379,5 mill. Dei utrekna pensjonsmidlane (kommunen sine «sparepengar» i pensjonskassene, som skal nyttast til å innfri pliktene) auka med kr 16,8 mill., til kr 330,7 mill. Eigenkapitalen auka med kr 20,3 mill. til kr 214,1 mill.

Netto lånegjeld (lån minus unytta lånemidlar) var kr 159,4 mill. pr 31.12.19, mot kr 153,7 mill. året før. Disposisjonsfond auka frå kr 58,3 mill. pr 31.12.18 til kr 74,2 mill. pr 31.12.19.

## Økonomiske nøkkeltal

(alle tal i kr)	Økonomiske nøkkeltal fra Gulen samanlikna med andre kommunar (førebelse tal frå KOSTRA)						
	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gulen 2018	Gulen 2019	Gruppe 06* 2019	Alle 2019
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	29,2	36,7	21,1	30,2	28,9	30,2	15,6
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar	65 020	69 126	70 430	72 071	75 930	83 085	58 484
Langsiktig gjeld eks. pensjonsplikter i prosent av brutto driftsinntekter	44,5	59,5	62,5	56,7	52,6	88,6	99,2

\*Gruppe 06 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og høge frie inntekter. Fram til 2018 var Gulen del av gruppe 05, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter.

Arbeidskapital (omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til rett tid. Gulen kommune har over gjennomsnittleg god likviditet.

Frie inntekter er skatteinntektene og overføringane gjennom inntektssystemet, som ein kommune kan disponere utan andre føringar frå staten enn gjeldande lovar og reglar. Gulen og dei andre Gruppe 06-kommunane har relativt høge «frie inntekter» på grunn av høgt utgiftsbehov som følge av mange innbyggjarar i høg alder og stort areal pr innbyggjar. Dei frie inntektene i Gulen er under gjennomsnittet for kommunegruppe 06.

Langsiktig gjeld eks. pensjonsplikter har auka noko i Gulen dei siste åra. Måltal i tabellen over, som ser gjeld i høve til brutto driftsinntekter, gjekk ned i 2019 fordi kommunen hadde nok unytta lån dette året til å unngå nye lånopptak.

## KOSTRA-samanlikningar

Systemet KOSTRA (KOmmune-STat-RApperting), som er forvalta av Statistisk Sentralbyrå ([www.ssb.no](http://www.ssb.no)), gjev grunnlag for samanlikning av kommunar når det gjeld ressursbruk. Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Gulen kommune sin del:

- Innbyggjartalet minka med 25 personar til 2 297, med noko fleire i gruppa 67-79 år, færre i og under skulealder og over 80 år, medan gruppa 16-66 år var om lag stabil. Detaljerte tal frå SSB syner at netto utflytting utgjorde 17 personar, mot 21 i 2018. Fødselstalet var 20 (24 i 2018), medan fødselsoverskotet var på minus 8 (minus 2 i 2018).
- Kommunale prioriteringar: Tal for dei store tenesteområda Grunnskule, Helse og omsorg og Barnehage syner om lag same nivå på netto driftsutgifter som snittet for samanlikningsgruppa 06. Utgiftene hadde høg vekst frå 2018, og låg i 2019 ein del over landsgjennomsnittet.
- Vekting av tenestene: Barnehage, Grunnskuleopplæring og Samferdsle utgjorde vesentleg større del av nettoutgiftene i Gulen kommune enn i gruppe 06-snittet, medan utgiftene til Administrasjon og styring, Sosialteneste, Barnevern og Kultur var vesentleg lågare. Samanlikna med landsgjennomsnittet utgjorde Helse og omsorg ein vesentleg høgare del av nettoutgiftene, som speglar at Gulen har relativt høg snittalder. Det er generelt langt større avstand til landssnittet enn til snittet for liknande kommunar, som venta.

Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
0-5 år	123	130	123	123	129	138	146	138	144	137
6-15 år	311	300	297	292	277	287	277	281	267	255
16-66 år	1 461	1 471	1 470	1 476	1 480	1 482	1 475	1 454	1 438	1 436
67-79 år	250	259	267	271	295	315	320	314	322	327
80 år og over	151	150	148	153	154	148	153	158	151	142
Til saman	2 299	2 310	2 305	2 315	2 335	2 370	2 371	2 345	2 322	2 297

Folkemengd, alder, pr. 31.12., %	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
0-5 år	5,4	5,6	5,3	5,3	5,5	5,8	6,1	5,9	6,2	6,0
6-15 år	13,5	13,0	12,9	12,6	11,9	12,1	11,7	12,0	11,5	11,1
16-66 år	62,6	63,7	63,8	63,8	63,4	62,5	62,1	62,0	61,9	62,5
67-79 år	10,9	11,2	11,6	11,7	12,6	13,3	13,5	13,4	13,9	14,2
80 år og over	6,5	6,5	6,4	6,6	6,6	6,2	6,5	6,7	6,5	6,2

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gulen 2018	Gulen 2019	Gr. 06 2019	Landet 2019
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	145 077	123 526	155 913	160 289	186 407	185 709	163 025
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskuleopplæring	151 732	165 148	165 858	180 034	195 451	191 361	117 107
Netto driftsutg. pr innbyggjar, helse- omsorgstenester	39 958	42 904	45 117	47 656	51 018	52 563	28 727

Netto driftsutgifter for ymse tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gulen 2018	Gulen 2019	Gruppe 06 2019	Landet 2019
Administrasjon og styring	11,6	10,9	11,2	10,6	11,0	14,2	7,9
Barnehage	8,9	8,9	9,2	9,8	10,2	7,8	14,4
Grunnskoleopplæring	25,9	25	24,2	24,8	23,6	20,7	23,0
Helse og omsorg	45,1	44,2	43,4	43,7	43,6	43,1	36,1
Sosialteneste	1,6	2,7	2,9	3,0	2,3	3,8	6,0
Barnevern	1,2	1,2	1,0	1,0	1,1	2,7	3,6
Vatn, avløp, renovasjon/avfall	0,0	0,2	0,2	-0,3	0,2	0,0	-0,6
Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nærilmiljø	0,5	1	0,5	0,6	0,9	1,3	1,3
Kultur	1,4	1,2	1,6	1,4	1,5	3,3	4,2
Kyrkje	1,8	1,8	1,4	1,5	1,4	1,6	1,1
Samferdsle	3,0	2,8	2,5	3,8	4,4	3,2	1,6
Bustad	0,5	0,3	-0,2	0,2	0,4	0,3	0,1
Næring	-3,4	0,6	0,5	0,1	*	-2,1	-0,1
Brann og ulukkesvern	2,0	1,9	2,1	2,0	1,9	1,8	1,4
Ymse (t.d. premieavvik)	-0,1	0	-0,5	-2,2	-2,4	-1,7	0,0

\*Gulen kommune sine tal i 2019 er korrigerte for ekstraordinære næringsinntekter (NORM), som er fjerna frå oversynet for å få fram samanliknbare tal elles. Næringsinntektene utgjorde -12,1 % av netto driftsutgifter, men er i oversynet sett til 0.

## Kommunebarometeret - kvalitetsmåling

Basert på KOSTRA har Kommunal Rapport utvikla eit grunnlag for å samanlikne tenestekvalitet i kommunane i høve til ressursinnsats - Kommunebarometeret. Gulen kommune var på 88. plass av 422 kommunar i 2019 (159. plass etter justering for inntektsnivå). Plasseringa har variert frå 21. til 126. plass dei siste fem åra (40. til 189. plass etter justering), og indikerer at tenestekvaliteten i Gulen er over gjennomsnittet for kommunane. Når det gjeld tenesteområda skåra kommunen vesentleg over snittet på Grunnskule og Barnehage og vesentleg under på Barnevern, Helse og Kultur i meldingsåret.

## PERSONALSTATUS

### Godkjende stillingar

Bemanning ved årsslutt året:	2015	2016	2017	2018	2019*
Godkjende stillingar (inkl. vedtekte endringar for budsjettåret), årsverk	257	259	260,1	259	253,2
*2019 = stillinger i godkjent budsjett pr 01.01.20					

Tal godkjende stillingar ligg lågare enn nivået i 2018. Dette skuldast reduksjon av stillingar innan pleie og omsorg, først og fremst på Gulen sjukeheim og innafor PU (knytt til overgang frå kommunal tilsetting til BPA). Det er også reduksjon av stillingar innan oppvekst, og små korrigeringar innan dei andre einingane.

### Sjukefråvær

Eigenmeld og legemeld sjukefråvær (%)	2015	2016	2017	2018	2019
Gulen kommune	7,5	6,0	6,7	8,9	9,0

Tala er henta frå kommunen sitt eige fråværssystem, som inneholder både legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær. Sjukefråværet fram til 2017 var relativt stabilt, men auka til høvesvis 8,9 % og 9 % i 2018 og 2019. Samanlikna med tidlegare år, så er det i hovudsak langtidsfråværet (>56 dagar) som har auka. I 2017 var langtidsfråværet på 3,9 %, med auke til 4,9 % i 2018 og 5,9 % i 2019. Fråværet er samla sett størst innan pleie og omsorgssektoren, men enkelte andre einingar har også høgt fråvær i 2019. Årsakene til sjukefråvær er samansett, og det er viktig å heile tida ha fokus på førebygging og tilrettelegging.

### Samarbeid med fagorganisasjonane

I 2019 var det fem møte med alle hovudtillitsvalde samla, mellom anna med drøfting og evaluering i samband med lokale lønsforhandlingar, drøfting av handlings- og økonomiplan, budsjett, mellombelte tilsetjingar, bruk av vikarbyrå/innleige osb. Det har også vore drøftingar med hovudtillitsvalde enkeltvis eller i grupper ved behov – mellom anna om arbeidstidsordningar, bemanning, omorganiseringar som t.d. BPA-ordninga og randkommuneprosjektet, og ved individuelle saker. Tillitsvalde deltek også i tilsetjingprosessane i kommunen, ved å vere med på intervju, vurderingar og drøftingar før vedtak. Det vart gjennomført forhandlingar i kapittel 3 og 5 i 2019.

## Kompetanseutvikling

Gulen kommune sin kompetanseplan er gjeldande i perioden 2015-2019. Pr 31.12.19 hadde vi 7 lærlingar innan fagområda barn/ungdom og helsefag, som er to fleire enn måltalet Gulen kommune har på tal lærlingar. To medarbeidarar tok fagprøva i 2019; ein som barne- og ungdomsarbeidar og ein som helsefagarbeidar. Fleire medarbeidarar jobbar med å opparbeide nok praksis til å gå opp til fagprøva som praksiskandidat, mellom anna som helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar og reinhaldsoperatør. Vi har også medarbeidarar som held på med sjukepleiarutdanning. Tre tilsette held på med vidareutdanning innan helse; innan psykiatri, kreft og geriatri. To lærarar har fullført 30 studiepoeng vidareutdanning i matematikk og norsk i 2019. Fleire lærarar held på med vidareutdanninger som vert ferdig i 2020 og 2021, m.a. innan matematikk, norsk, PPU og spesialpedagogikk. Ein pedagogisk leiar har fullført vidareutdanning innan språkopplæring i 2019, og ein pedagogisk leiar har starta tilsvarende utdanning i 2019. Kommunen er med i ALIS-prosjektet gjennom samarbeid med andre kommunar, der ein av våre legar deltek. Det er elles gjennomført ei rekke andre kompetanseutviklingstiltak i kommunen i tråd med vedteken kompetanseutviklingsplan og lokale planar.

## Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det har vore 2 møte i arbeidsmiljøutvalet i 2019. Bedriftshelsetenesta (Stamina) vart nytta til informasjon, kurs og opplæring i nokre av einingane, oppfylging av sjukemelde, samt rådgjeving i konkrete arbeidsmiljøsaker. Stamina hadde også individuelle arbeidsplassvurderingar. Det vart ikkje gjennomført vernerunde med felles tema i år. I tillegg til bedriftshelsetenesta, samarbeider kommunen også med NAV arbeidslivssenter og lokalt NAV-kontor i aktuelle saker.

## Diskriminering og likestilling

Gulen kommune har som mål at usakleg forskjellsbehandling ikkje skal skje ved tilsettjing eller anna sakshandsaming. Vi drøfter reduksjon av deltidsstillingar med tillitsvalde og samarbeider tett med tillitsvalde i tilsettjingssaker. Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. 10 av 14 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner. Om lag 80 % av tilsette i Gulen kommune er kvinner.

## Betryggande kontroll og etisk standard

Kommunen har rutinar og handlingsplanar for det overordna internkontrollarbeidet som skal sikre at lovverk og rutinar vert etterlevd. Internkontrollarbeidet omfattar både kvalitet, effektivitet, integritet og ivaretaking av omdøme i tenestene. Kommunen har ei offensiv haldning kva gjeld digitalisering, noko som er nyttig både i arbeidet med rutineforbetringar og førebygging av misleghald. Kommunen nyttar m.a. elektronisk styringssystem for utarbeiding av rutiner og handsaming av avvik, e-rutinar innan post, arkiv, økonomi og handel/anbod. Gjennom samarbeid med andre kommunar arbeider me med kontinuerleg utvikling i rutinar og system.

Kommunen legg vekt på at vår tenesteyting skal skje i samsvar med våre etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Gulen kommune. Retningslinene viser også til verdiplattforma vår, "Samarbeid for utvikling", som seier korleis vi bør oppstre, og kva overordna mål tilsette skal jobbe etter. Verdiplattforma skal henge synleg på alle arbeidsplassar, og jamleg reflekterast over på personalmøte.

## ADMINISTRASJON, POLITIKK OG SAMFUNNSUTVIKLING

### Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av Rådmannen m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Økonomiavd. Ei viktig oppgåve er å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyre, formannskap, hovudutval og ymse andre råd og utval. Behandling av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellesatenester for heile kommuneorganisasjonen er andre viktige arbeidsoppgåver.

### Fellestenestene

Kommunedirektøren si leiargruppe har hatt fast møte måndagane, einingsleiarane har samlast kvar månad og «husmøte» på kommunehuset har vore på planen månadleg. Desse organisasjonsinterne møta har som mål å gje god kvalitet på det samla arbeidet.

Innfasing og oppgradering av elektroniske løysingar innafor dokument-, økonomi-, kommunikasjons- og løns- og personalsystem har halde fram i meldingsåret. Innføring av GDPR har

auka fokuset på rett behandling av personopplysningar. Overgangen frå SYSIKT til IKTNH frå mai var ekstra ressurskrevjande i 2019. Nytt telefonisystem, nytt kvalitetssystem, KF Kvalitet, og kommunikasjonsplattforma Teams vart tatt i bruk i meldingsåret.

I saksbehandlingssystemet vart registrert 1817 saker (2354 i 2018), 12038 journalpostar (11761 i 2018) og 67 elektroniske møteutsendingar (76 i 2017). Infoposten vart utgitt med 7 nr. Arbeidet med forsvarleg deponering av kommunalt arkivmateriale hos Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane gjorde framsteg også i 2019, mellom anna med deponering av 147 boksar med personregistermateriale og uttrekk av elektronisk arkiv frå ACOS fram 24.05.2018.

Gulen kommune deltok i Randkommuneprosjektet, eit initiativ om auka interkommunalt samarbeid om fellestenestene, saman med dei andre kommunane rundt nye Alver kommune.

Det var ikkje hendingar som kravde aksjon frå kriselerenga i 2019, og fokuset innafor beredskapsarbeidet var difor på vedlikehald av planverk, kunnskap og system.

## Politikk

Utvikling i tal politiske saker	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunestyret	127*	101	96	91	<b>144*</b>
Formannskapet	61	66	74	57	<b>58</b>

\*Det høge talet for kommunestylesaker i 2015 og 2019 skuldast utpeiking av medlemar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

Organisering og gjennomføring av kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019, med val av nye representantar til ulike funksjonar, var ei viktig oppgåve i meldingsåret.

Tilpassing til ny fylkesstruktur, med felles Fylkesmann i Vestland frå 01.01.19 og etableringa av Vestland fylkeskommune frå 01.01.20, kravde og fokus, til liks med tilpassing til den nye kommunelova, som i store trekk vart gjort gjeldande frå starten av den nye kommunestyreperioden. I meldingsåret gjorde kommunestyret vedtak om å gå inn i IKT-samarbeidet i Nordhordland og vurdere auka administrasjonssamarbeid med randkommunane til nye Alver kommune. Kommunestyret vedtok elles å framleis delta i kommunesamarbeid i Sogn og Fjordane om revisjon, arkiv og innkjøp.

## Samfunnsutvikling

Deltaking i interkommunale organ som regionråda i HAFS og Nordhordland, Nettverk for fjord- og kystkommuner, Kystvegen Bergen-Ålesund (Fv. 57 gjennom Gulen) og Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane har vore viktig for å oppnå gode resultat innafor samfunnsutvikling. Kommunestyret vedtok i K-sak 47/19 å slutte seg til Kystrådet, eit samarbeidsråd for kystkommunane i Vestland fylke frå Gulen og nordover.

Vegen frå Skipavika til Brandangersund bru vart ferdig og tatt i bruk i 2019. Overføring til fylkeskommunen vil truleg finne stad i første halvår 2020.

Utbygging av fiberbreiband til opp mot 80 % av hussstandane i Gulen vart i hovudsak fullført hausten-19. Siste del, inkl. ein tilleggsutbygging på Mjømna, vert ferdig i 2020. Gulen kommune fekk i 2019 fylkes- og NKOM-tilskot til utbygging av 20 nye område, og med dette er stort sett alle område med fast busetnad som manglar høgfarts breibandsdekning omfatta av planar om utbygging i løpet av to-tre år. Kommunen arbeider for at nedlegging av koparbaserte telesentralar i Gulen ikkje skal skje før tilbod om høgfarts breiband og god mobildekning er på plass.

Etableringshjelp, profilering av kommunen gjennom eigne og andre sine arrangement, deltaking i utviklingsprosjekt, etablering av faglege nettverk og møteplassar mellom skule og næringsliv og gründer var viktige oppgåver for det interkommunale næringsselskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) i 2019.

GMU var involvert i dei fleste tiltaka som fekk tilskot frå næringsfondet i 2019. Tilgangen av nye søknader var god, nye tilsegner utgjorde kr 832 300. Påfyll utgjorde kr 424 275 i 2019.

Heile seksten tilskot på kr 40 000 til bustadetablerarar, eitt på kr 20 000 og tre på kr 60 000, til saman kr 840 000, vart utbetalt i 2019. Interessa for kommunale bustadtomter var lågare enn normalt, med sal av ei tomt til firemannsbustad i Hovden II. Fem tomter i Hovden II og ei på Ortneset var reserverte pr 31.12.19.

Å legge til rette for vellukka integrering av flyktningar var ei prioritert oppgåve også i 2019.

På kulturfeltet har det vore høg aktivitet knytt til prosjekt som har fått tildelt spelemedilar og kulturyggtilskot. Fleire prosjekt vart fullførte i meldingsåret, og mellom anna Tursti Eivindvik, Den Trondhjemske postveg Halsvik, Dagsturhytta og uteområdet ved Eivindvik skule vart godkjende for kommunal delfinansiering. Ny skytebane på Indre Oppedal og Prestesundet ballbinge har vore jobba fram medan laga ventar på midlar, og nye spelemiddelsøknader knytt til ballbingar på Byrknesøy og Ånneland og nytt lagerbygg ved Dalsøyra kunstgrasbane er kome inn. Anlegg for fysisk aktivitet

er høgt prioritert i heile Gulen, med mykje duggnadsarbeid i alle grender og både private og kommunale prosjekt. Aktiviteten kring kulturbrygg i Gulen er god. Fleire bygg er under restaurering eller nyrestaurert (Bålen/Breidvika, Brandangersund, Havgula, Vårtun).

Gulen kommune løvvde kr 75 000 i tilskot til festivalen Utkant, som vart arrangert siste helga i juli, nytta kr 100 521 til å støtte lokale museum (Gulen Fiskarbondemuseum, Bjørn West-museet og Kystmuseet i Sogn og Fjordane), og var vertskap for opninga av 2019-utgåva av Kystkultur.no!, eit kultursamarbeid frå Sveio i sør til Askvoll i nord. Det kom inn søknader for kr 195 500 i ålmenne kulturmiddlar, vi hadde kr 97 500 til fordeling. Det kom inn søknader for kr 150 000 på kulturmiddlar for born og unge, vi hadde kr 87 500 til fordeling.

Gulen ungdomsråd hadde høg aktivitet i 2019. Rådet behandla ymse saker, var medarrangør av UKM (Ung Kultur Møtast), fordele kr 94 500 til transporttilskot til ungdom (LTU-middlar) og kr 87 500 i kulturtildelte til born og unge og nytta taleretten sin i kommunestyret. Ei av dei større sakene dei sette seg inn i var rullering av handlingsprogrammet til kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. To representantar deltok på avviklingsmøtet for Fylkesting for ungdom Sogn og Fjordane, og var med på skipingsmøtet for Fylkesting for ungdom Vestland.

Gulen folkebibliotek hadde fleire arrangement i løpet av året, dei fleste i samarbeid med eitt eller fleire bibliotek i HAFS. I sommarmånadene hadde biblioteket god oppslutning i lesekampanjen Sommarles. Tenester for innvandrargrupper har blitt eit viktigare aktivitetsområde dei siste åra, med tinging av bøker på andre språk enn norsk. Biblioteklokala har vore nytta meir og meir utafor opningstida, til strikkecafè, sjølvbetent utlån, lekselokale og anna.

Gulatingslova hadde 14 000 besökande i meldingsåret, og var i 2019 vertskap for fleire større arrangement, mellom anna opninga av Kystkultur No! (tidl. Kystsogevekene), Gulatings Vikingmarknad og Gulatingsseminaret, eit årleg fagseminar utvikla i samarbeid med Universitetet i Bergen og andre fagmiljø frå inn- og utland.

Søknad til Kulturdepartementet i 2019 om statleg støtte til Gulatings Nasjonale Kultursenter (GNK) førté diverre ikkje fram i første omgang, og ein må jobbe vidare med prosjektet. Gulatingslova fekk tildelt kr 0,5 mill. frå Kulturdepartementet i 2019, øyremerkt ei formidlingsstilling. Mot slutten av året vart difor ny formidlar på Tusenårsstaden tilsett i 100 % stilling.

Ein milepæl i 2019 var då Gulatingslova for første gang vart publisert på nett, gjennom eit samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane. Gulatingslova er no Nøkkelstad i Kystpilegrimsleia. Gulatingslova er og medlem i Nasjonalt Tingnettverk saman med andre regionale tingstader og i Destination Viking Association (DVA) som er EU/Europarådet sitt offisielle nettverk for vikingdestinasjonar i Europa.

Gulatingslova er inne på programmet for Nasjonaljubileet i 2024 (Landslovjubileumsår) under temaet «Verdier i Lovverket», og jobba i 2019 med planlegging fram mot at Gulatingslova skal huse Landslovutstillinga «Miserabiles Personae» i 2020.

Gulatingslova er i dag marknadsført både gjennom Visit Fjordkysten og Visit Bergen. Nytt i 2019 var at Gulatingslova vart marknadsført inn mot cruisemarknaden. Interessa frå turoperatørar for å vitje staden med stadig større grupper, frå ulike nasjonalitetar, er aukande.

## OPPVEKST

Oppvekstsektoren har frå skuleåret 2013-14 vore organisert i 4 einingar, som alle har barnehage-, grunnskule- og SFO-tilbod.

### Skule

	Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane				
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2015/2016 pr. 01.10.15	78	54	70	85	287
2016/2017 pr. 01.10.16	78	53	66	78	275
2017/2018 pr. 01.10.17	81	53	64	83	281
2018/2019 pr. 01.10.18	73	48	65	80	266
<b>2019/2020 pr. 01.10.19</b>	<b>65</b>	<b>49</b>	<b>64</b>	<b>76</b>	<b>254</b>

Elevtalet hausten 2019 var i samsvar med prognosene i årsmeldinga for 2018.

Indikatorar og nøkkeltal	Gulen 2015/16	Gulen 2016/17	Gulen 2017/18	Gulen 2018/19	Gulen 2019/20	Landet 2019/20
Årsverk for undervisningspersonale	40,0	40,8	41,5	39,6	<b>39,6</b>	
Lærartettleik samla (elevar pr lærar)	9,7	9,2	9,0	9,3	<b>8,8</b>	<b>11,6</b>
Lærartettleik 1.-7. steg	9,0	8,1	7,5	7,5	<b>7,6</b>	<b>12,4</b>
Lærartettleik 8.-10. steg	8,6	8,9	9,8	9,7	<b>8,5</b>	<b>14,0</b>
%-del undervisning av tilsette med godkjend utdanning	91,6	98,8	96,2	93,9	<b>95,8</b>	<b>95,7</b>

Bruken av lærarar utan godkjent utdanning er som landsgjennomsnittet. Vi har få elevar pr lærarårsverk, noko som kan forklarast med struktur, men det viser og at det er grunnlag for å sjå om ikkje undervisninga kan organiserast meir effektivt.

#### Spesialundervisning

<b>Prosent av elevar som får enkeltvedtak</b>				
2015/-16	2016/-17	2017/-18	2018/-19	2019/-20
4,7 %	4,7%	5,3%	5,6%	4,7%

Gulen kommune brukar mindre ressursar på spesialundervisning enn nabokommunane og snittet for kommunane i landet.

#### Kvalitet (frå kvalitetsmeldinga):

I periodar med mykje endringar vil det langsiktige utviklingsarbeidet verte nedprioritert. Det inneber ikkje at vi ikkje har fokus på kvalitet, men det får ikkje så mykje tid som i rolegare periodar. Kommunalsjefen er likevel trygg på at Gulen kommune har eit godt tilbod på oppvekstsektoren. Mange kvalitetsdata syner dette. I tillegg vil eg vise til at dei eksterne som har vurdert kvalitetsdata og vurdert drifta etter besøk, gir gode tilbakemeldingar. Les kommunebarometeret og oppsummeringane etter eksternvurdering av barnehagane.

Dette gler vi oss over:

- Gode tilbakemeldingar frå eksterne kjelder (høgskule, vurderarar, kommunal rapport)
- Godt arbeid med fagfornyinga og rammeplanen
- Gode resultat

Her må vi auke innsatsen:

- Samarbeid mellom einingane, fagfellesskap
- God digital praksis – lage ikt-plan for oppvekst
- Gode vikarordningar for skule og barnehage

#### Grunnskulepoeng

Gulen	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019	Snitt
jenter	43,2	44,4	40,8	44,5	44,5	43,5
gutar	40,5	41,6	43,3	43,6	40,3	41,9
samla	41,6	43,0	42,0	44,0	42,1	42,5
<b>Sogn og Fjordane</b>						
jenter	43,6	44,0	44,1	44,3	44,5	44,1
gutar	39,2	39,2	39,2	39,9	40,2	39,5
samla	41,3	41,2	41,6	42,0	42,4	41,7
<b>Nasjonalt</b>						
jenter	43,0	43,4	43,7	44,0	44,3	43,7
gutar	38,6	39,0	39,1	39,5	39,6	39,2
samla	40,8	41,2	40,5	41,7	41,9	41,2

2018-2019 var eit år med stor skilnad på resultata for gutter og jenter, nesten like stor skilnad som det er nasjonalt. Resultata dette året er ikkje ein indikasjon på at vi har ein skilnad på resultata til jenter og gutter som er lik resultata elles i landet. Vi vil framleis ha mindre skilnad.

#### Skulefritidsordning (SFO)

<b>Tal brukarar av skulefritidsordning</b>					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
01.10.2015	13	15	7	12	47
01.10.2016	11	15	11	8	45
01.10.2017	20	13	10	16	59
01.10.2018	14	12	9	16	51
<b>01.10.2019</b>	<b>18</b>	<b>12</b>	<b>15</b>	<b>13</b>	<b>58</b>

Bruken av SFO har stabilisert seg og varierer no stort sett med tal elevar i årskulla på småskulesteget.

#### Barnehagar

<b>Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane</b>					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
15.12.2015	29	16	32	21	98
15.12.2016	32	16	34	35	117
15.12.2017	25	16	34	37	112
15.12.2018	28	16	40	33	116
<b>15.12.2019</b>	<b>30</b>	<b>16</b>	<b>34</b>	<b>35</b>	<b>115</b>

Dei fleste barn i førskulealder går i barnehagen og dei fleste har heil plass. Variasjonane i tal barn i barnehagen endrar seg stort sett i samsvar med endringar i årskulla.

### Musikk- og kulturskulen

<b>Elevar i musikkskulen</b>				
01.10.15	01.10.16	01.10.17	01.10.18	01.10.2019
50	37	50	53	<b>60</b>

Kulturskulen har prøvd ut nye tilbod og har såleis fleire elevar.

### OMSORG

Gulen kommune vart hausten 2016 formelt ein del av Helse Bergen med Haraldsplass Diakonale Sjukehus som vårt lokalsjukehus. Vi har no tre års erfaring som samarbeidspart. Det vil alltid vere ein del utfordringar i oppstarten av eit nytt samarbeid, men stort sett har det fungert greitt. Fagpersonar frå Gulen er med i ulike nettverk, og vi tek del i overordna utval som til dømes samarbeidsutvalet i Nordhordland. Utvalet er breitt samansett, med representantar frå øvste leiing i Helse Bergen, tillitsvalde, brukarane og ein representant frå kvar kommune. Frå Gulen kommune møter kommunalsjef omsorg. Utvalet tek opp og diskuterer overordna strategi for helseføretaket, og kan kome med ulike innspel som vert tatt med vidare. Gulen tek og del i ulike samarbeidsprosjekt, m.a. Velferdsteknologiprosjektet. Ei ulempe for fagpersonar frå Gulen er at det går mykje tid i køyring. Møta er stort sett i Knarvikområdet.

### Gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren

Ressurssenter for omstilling i kommunene (RO) hadde i 2016-2017 oppdraget med å gjennomgå pleie- og omsorgssektoren i Gulen kommune.

Bakgrunnen for gjennomgangen var å redusere kostnadene i høve innsparingskrav i økonomiplanen. Mandatet skisserte tre hovudfokusområde for gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren:

- Innretning av tenestene – struktur og samansetting
- Tenestetildeling, tenestenivå og forvaltningspraksis
- Ressursbruk

Tenestene til menneske med utviklingshemming skulle vurderast særskild, mellom anna ut frå eit ynskje om auka samordning av tenestene til menneske med utviklingshemming og open omsorg. I denne vurderinga skulle det også leggjast særleg vekt på funksjon og organisering av dagtilbod og alternativ organisering av den individuelle tenesta.

Parallelt med gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren, vart det utarbeidd ein plan for pleie og omsorg, med særleg vekt på handlingsdelen. Planen vart vedtatt i juni 2016.

Tre område vart prioriterte i samband med oppfølging av planen:

- Sakshandsaming/tenestetildeling: felles kartleggingsteam i alle soner; oppstarta oktober 2016
- Organisering av arbeidstid: ny turnus med langvakter; oppstart 01.05.2017
- "Den nye heimetenesta": oppstart hausten 2017

### Status for handlingsplanen pr 31.12.19:

Gulen kommune har i 2019 brukt mykje tid og ressursar i utviklingsarbeidet, og prioritert områda i handlingsplanen.

Felles kartleggingsteam er vorte ei permanent ordning. Alle nye og omfattande søknadar vert vurdert av teamet. Ein har god erfaring med denne organiseringa.

Gulen sjukeheim/Eivindvik sone har innført langvakter på helg. Resultatet er mindre vakanse på helg, og reduksjon av ein stilling på GS. Middagstidspunktet er flytta frå kl 13.00 til kl 14.30. Ein har fått til ein meir fleksibel bruk av personalet mellom institusjon og open omsorg i sone Eivindvik. Som ein del av "Den nye heimetenesta" er arbeidet med å planlegge og innføre velferdsteknologi vorte eit hovudfokus. Arbeidet er organisert gjennom felles prosjekt med ni Nordhordlandsommunar med felles opplæring, «Velferdsteknologiens ABC», og felles temasamlingar. Gulen har oppretta ei eiga prosjektgruppe samansett av tre personar med leiar frikjøpt i 20 % stilling. I samband med prosjektet har 85 helsearbeidarar fullført «Velferdsteknologiens ABC» gjennom fellessamlingar og gruppесamlingar. Kompetansehevinga fører til at tilsette har ei felles forståing for arbeidet med å gjennomføre og implementere prosjektet. Prosjektet skal avsluttast innan 2020.

## Pleie og omsorg

Samhandlingsreforma vart innført frå 01.01.2012. Reforma skal vise veg framover, og gje helsetenestene ny retning. Hovudmåla er:

- |   |  |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Førebygge framfor å reparere</li> <li>• Få ulike ledd i helsetenestene til å jobbe betre saman</li> <li>• Flytte tenestene nærmare der folk bur</li> <li>• Fleire oppgåver til kommunane og pengar til å utføre dei</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tidleg innsats framfor sein innsats</li> <li>• Samle spesialiserte fagmiljø som er sterke nok</li> <li>• Betre for pasientane, auka brukarmedverknad</li> </ul> |
|---|--|

Gjennomføringa av reforma og oppbygging av helsetilbod i kommunane skal skje over noko tid, og gjev helse-, pleie- og omsorgstenestene nye og spanande utfordringar i åra framover.

I samband med reforma er det utarbeidd ny felles lov for helse- og omsorgstenestene i kommunane og ny folkehelselov. Ut frå lovverket pliktar kommunane og sjukehusa å samarbeide, og kvaliteten skal kunne målast betre. Pasientar og brukarar vil få eit tilbod som heng betre saman.

Gulen kommune har greidd dei nye utfordringane rimeleg greitt. I løpet av 2019 betalte vi for 2 døgn, mot 0 døgn i 2018 og 2017, 6 døgn i 2016 og 13 døgn i 2015. Utviklinga syner at Gulen kommune har eit nivå på tal plassar som høver til folketal og etterspørsel.

Nye krav til kommunen set nye krav til kompetanse. Ein kompetanseplan med bakgrunn i nye krav er utarbeidd og politisk vedtatt. Nokre av oppgåvene i samband med reforma ser ut til å kunne løysast best med interkommunalt samarbeid. Gulen kommune har ØDH (Øyeblikkeleg DagHjelp)-plassar i samarbeid med Nordhordland interkommunale legevakt. Ordninga med interkommunal legevakt synest å fungere greitt for alle partar.

### Pleie i institusjon

Institusjon					
	2015	2016	2017	2018	2019
Tal utskrivningar totalt	16	21	47	31	30
<i>Utskriving etter langtidsopphald</i>	5	4	14	10	8
- Av desse etter dødsfall	4	4	13	9	8
<i>Utskrivingar etter korttidsopphald</i>	11	17	33	18	22
- Av desse etter dødsfall	2	0	1	4	5
<i>Avlastning</i>	0	0	1	0	1

Gulen sjukeheim er delt i tre avdelingar for pleie: langtidsavdelinga med 12 plassar, rehabilitering og avlastning med 8 plassar og dementavdelinga med 8 plassar (ein plass har tidlegare vore nytta til avlastning).

Delar av året har langtidsavdelinga og rehabiliteringsavdelinga vore samkøyrd grunna uvanleg lite belegg. Samkøyringa medførte mindre behov for vikarar. Institusjonen hadde både positive og negative erfaringar med samkøyringa. Eit resultat var at tilsette synte stor grad av fleksibilitet og omstillingsevne. Kommunen har nytta dagtilbod som alternativ for demente som bur heime. Tilboden er no fast to dagar i veka, og vert finansiert av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet. Det syner seg at transport til og frå er ei utfordring å organisere. Vi har nytta frivillige som sjåførar, og kommunal bil som transportmiddel.

Nestleiarfunksjon i sona som skal avlaste og vere stedfortredar for leiar fungerer godt.

Kompetanseutvikling har vore satsa på. Tilsette har starta med ulike helsefagutdanninger.

Prosjekt «Velkommen inn-pårørande på timeboka» vart avslutta i 2017, og rutinane er no ein del av faste rutiner både på institusjon og i open omsorg.

Alle sjukepleiarane i sona har gjennomført akuttmedisin i eldreomsorg i regi av Verdighetssenteret/Bergen Røde Kors Sykehjem. Det er gjennomført 1 fagprøve i løpet av året.

Institusjon og open omsorg er med i Pasientsikkerhetsprogrammet, og har starta opp med «tavlemøte», som er ein metode for å kartlegge og identifisere risiko hjá pasientane, og gjennomført internundervisning i ernæring, ergonomi og hygiene.

Gulen sjukeheim har vanskar med å rekruttere til sjukepleiarstilling, har hatt stilling ståande vakant gjennom heile året.

### Open omsorg

Heimebaserte tenester					
	2015	2016	2017	2018	2019
Tal brukarar i året	112	108	106	114	107

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde i 2018 tilsyn i open omsorg knytt til kartlegging for å forebygge underernæring og legemiddel-handtering. Vi fekk ingen avvik på legemiddelhandteringa, men fekk avvik i høve til at vi ikkje hadde gode nok rutinar for systematisk kartlegging for å forebygge underernæring, jf. nasjonale retningslinjer. Har jobba systematisk med dette også i 2019, og kommunen har fått på plass nye retningslinjer som tilfredsstiller dei nasjonale krava.

Det er starta opp to grupper, ei på Gulen sjukeheim og ei i open omsorg, som er med i eit læringsnettverk med fokus på tavlemøte i regi av undervisningssjukeheimane, jf. pasienttryggleiksprogrammet. Også her er underernæring eit av fokusområda.

Brekke, Byrknes og Dalsøyra sone, sone BBD, vart i 2013 slått saman til ei sone med felles einingsleiar. Ordninga fungerer etter intensjonen. Sone Eivindvik er ikkje med i samanslåinga. Dei ulike avdelingane (Brekke, Byrknes og Dalsøyra) er om lag like store og brukartalet er også mykje likt. Grunna nedbygging av sjukeheimen, og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsetenesta, er det trøng for auka kompetanse på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale. Grunna auke av tal brukarar med stort hjelpebehov er det nytta mykje ekstrahjelp på kveld og helg, særskilt på Byrknes. Om denne trenden held fram må det vurderast å auke opp fast bemanning i open omsorg. Sone BBD kjøper middag frå lokale leverandørar, og får varm mat levert frå leverandør alle dagar unntake laurdag. Laurdag lagar dei tilsette graut.

Sone BBD har ambulerande nattevakt stasjonert i Brekke og på Byrknesøy. Erfaring syner at nattevaka vert bunden opp med vedtak på bu- og omsorgssentra, og er lite tilgjengeleg for brukarar ute i sona. Intensjonen bak ambulerande nattevakt er at tenesta skal vere tilgjengeleg for alle som bur i eigen heim.

#### Kommunale bustader (PU)

Ein del av omsorgstenesta er knytt opp til personar med nedsett funksjonsevne. Våren 2019 vart nybygget endeleg ferdigstilt med 4 nye bustader, nytt og flott aktivitetssenter og ny kontorfløy felles for PU-tenesta og open omsorg. I løpet av 2019 har 9 brukarar fått heildognsteneste, same talet som for 2018. Tal på brukarar som har fått eit dagtilbod var 8 fram til september 2019, då 2 brukarar gjekk over til BPA med eigne tilsette og eigen arbeidsleiar. Det har vore 2 brukarar på avlastning (1 brukar i 2018), og 1 brukar som har fått eit eige dagtilbod i feriar. Tenesta organiserer tilbod både i Brekke, på Byrknes og Dalsøyra.

Kommunen kjøper tenester på dagtid til ein brukar, medan open omsorg organiserer nattevakt omsorgssenter.

Det har vore stor byggeaktivitet i fyrste del av 2019, med bygging av fire nye bustader og nytt aktivitetssenter og kontorfløy. Grunna byggeaktivitet parallellt med drift har det vore mykje uro både for brukarar og tilsette.

Tilsette har delteke på «Velferdsteknologiens ABC», og kurs i regi av Vaksenhabiliteringseiniga Helse Førde. Det er innført nestleiarfunksjon på eininga. Ordninga fungerer godt.

#### **Helsetenestene**

Ordninga med eigen einingsleiar fungerer godt, eininga har no faste personalmøte. Eininger omfattar helsestasjon/skulehelseteneste med 2 stillingar helsesøster, og 1 stilling i finansiert gjennom prosjektmidlar. Gulen kommune kjøper 20 % jordmorstilling frå Masfjorden kommune. Gravide frå Gulen reiser til Hosteland for konsultasjon med jordmor. Kommunen kjøper 40 % psykologtenester frå Masfjorden kommune. Stillinga har vore vakant store delar av året. Psykologen skal ha ein fast dag i veka i Gulen.

Gulen kommune har 1 stilling som ergoterapeut, fordelt på ein 80 % stilling og ein 20 %.

Fysioterapitenesta er organisert med 70 % st. driftsavtale, og 130 % st. fastløn.

Legetenesta vart i løpet av 2017 100 % kommunal. Alle tre legane er kommunalt tilsette, det same er hjelpepersonellet på kontoret. Lege som vart tilsett i 2017 er knytt til ALIS-vest-prosjektet, som har som mål å rekruttere allmennlegar til kommunar. Prosjektet går over 5 år. ALIS-legen tek del i felles samlingar, og har vakter i Nordhordland legevakt i Knarvik. Kommunen har lyst ut ein legestilling i 2019. Det er 70 % vikar i ledig heimel til det vert tilsett lege i fast stilling i løpet av 2019.

Frå april 2013 vart Gulen kommune ein del av Nordhordland interkommunale legevakt, stasjonert i Knarvik. Ordninga gjer at legane i Gulen kommune har vakt på kvardagar frå kl 08.00 til kl 15.30. I resten av tida kjøper Gulen kommune legevakttenester i Knarvik. Ordninga synest å fungere godt for alle partar.

Psykiatritenesta omfattar 2,7 stillingar. Tenesta har og støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vere eit lågterskeltillbod i høve til psykisk helse. Fagleiar psykisk helse og rus er starta opp med deltid vidareutdanning innan psykisk helse og rus.

Gulen kommune starta opp Frivilligsentral i april 2015. Sentralen har 70 % stilling som dagleg leiar. Satsingsområda er delt opp i tre hovudpunkt:

- Motivere lag og organisasjoner til å halde fokus på folkehelse i sine aktivitetar
- Psykisk helse
- Integrering og inkludering

## Barnevern

Gulen barnevern	2019
Meldingar motteke	28
Gjennomgått innan frist	28
Avslutta undersøkingar	31
Henlagte/avslutta meldingar/utan tiltak	2
Fristoverskridigar	0
Barn med tiltak i løpet av året	41
Barn med tiltak pr. 31.12	34
Barn i tiltak utan tiltaksplan/omsorgsplan	0
Oppfølgings-/tilsynsansvar – fosterheim organisert under Barnevernet	
Kor mange har ikkje fått oppnemnt tilsynsførar	0
Krav om fire tilsyn i året ikkje fylgt	0
Barn vi har tilsynsansvar for i begge kommunane	9
Barn vi har omsorg for	1
Internkontroll	
Blir det gjennomført jamleg gjennomgang av internkontroll	ja
Har barneverntenesta skriftlege rutinar og prosedyrar som skal bidra til å sikre korrekt sakshandsaming?	ja
Har barneverntenesta opplæringsplan for dei tilsette	ja

Gulen og Masfjorden har frå 2016 hatt ei interkommunal barneverteneste med Gulen kommune som arbeidsgjevar. Einingsleiar i Gulen er og barnevernsleiar i Masfjorden. Tenesta har fem tilsette, og er lokalisert i felles kontor på Hosteland, med gjestekontor i Eivindvik. Tilsette i tenesta har så langt positive erfaringar med samarbeidet. Tilbakemelding frå brukarane er også positive med omsyn til ny organisering. Barnevernet har blitt tildelt midlar frå Fylkesmannen til kompetanseheving, som har vore nytta til ei 100 %-stilling; 50 % i Gulen og 50 % i Masfjorden. Barnevernet er ein del av KLAFF-gruppa, og deltek i det kommunale kriseteamet. Tenesta har i 2019 arbeidd mykje med kvalitetsarbeid.

## NAV

	NAV				
	2015	2016	2017	2018	2019
Økonomisk sosialhjelp	20	20	24	36	44
Deltakarar, kvalifiseringsprogrammet	0	0	0	0	0

Frå 01.01.19 vart Masfjorden kommune vertskommune for felles NAV-kontor for Modalen, Austrheim, Fedje og Gulen. Samarbeidet er etablert under namnet NAV Fensfjorden. Det vart i 2019 bestemt at nytt felles kontor vert lagt til Hosteland. Forventa oppstart frå mai 2020.

Gulen kommune finansierer 1,3 stilling.

Den kommunale tenestemenyen er: Opplysning, råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk sosialhjelp, individuell plan, kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande stønad, mellombels butilbod, og gjeldsrådgjeving.

I 2019 ser me ei auke i sosialhjelpsutbetalingane. Tal mottakarar aukar og samla beløp pr mottakar aukar. Det er fleire årsaker til det. Fleire av mottakarane har sosialhjelp som einaste inntekt. I 2019 kom det ei endring i regelverk om AAP (arbeidsavklaringspengar) som medførte at fleire mottakarar kom raskare over på økonomisk sosialhjelp enn etter praksis i tidlegare regelverk. Me ser også at ein større del av mottakarane er familiar.

Ordninga med bustøtte (Husbanken), startlån og tilskot (Husbanken) vart etter ny organisering ikkje med inn i det nye fellesskapet. Arbeidsoppgåvene vart i 2019 (som mellombels ordning) løyst av kommuneleininga.

## PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Det politiske hovudutvalet for plan og utvikling (HPU) behandla i meldingsåret 55 saker, og fekk rapport om 261 saker som var delegerte til administrasjonen.

### Planlegging

Kommuneplanar og reguleringssplanar					
	2015	2016	2017	2018	2019
Oppstarta	1	4	0	0	2
Under arbeid	6	8	6	2	3
Fullførte/erstattata	6	1	1	4	0

Reguleringsplan for næringsområde i Brandanger og reguleringssplan for gang- og sykkelveg Hovden-Steine vart starta opp i 2019. Arealplanen som vart starta opp i 2017 er lagt ut på høyring.

Temaplanar som vart starta opp i 2019 er Helse i Plan (Folkehelseplan), Landbruksplan, Kommunedelplan for avløp og Kommunedelplan for vatn. Sistnemte vart også godkjent i 2019. Det har også vorte arbeidd med fleire mindre endringar i gjeldande reguleringsplanar.

## Byggjesaker

	Byggjesøknadar				
	2015	2016	2017	2018	2019
Byggjesøknadar		179	138	116	180
Dispensasjonssøknadar		30	30	47	32
Delingssøknadar		27	31	35	16

og næring krev meir tid enn vanlege søknadar. Det har vore ei utfordring at mange søknadar ikkje er komplette ved innsending. Oppstart av prosjekt om oppfølging av ulovleg bygging tilsette ein person i full stilling. Arbeidet er omfattande og ressurskrevjande også utover prosjektstillinga.

## Kart og oppmåling

	Kart- og oppmålingsarbeid				
	2015	2016	2017	2018	2019
Oppmålingsforretning		17	47	45	28
Eigarseksjonering		0	2	1	2

frådeling av hyttetomter på Fallebø. Sjølvé gjennomføringa av oppmålinga og fakturering kjem gjerne året etter at saka er registrert. Til tenesta ligg og retaksering for eigedomsskatt. Dette arbeidet tok ein del tid første halvår.

## Landbruksforvaltning

Produksjonstilskot i jordbruket		Regionale miljømidlar	
	Tal søkjrarar	Tal mjølkeprodusentar	Tal søkjrarar
2019	92	35	27
2018	94	41	31
2017	96	39	31
2016	96	40	38
2015	96	42	41

Jordbruket er ei stor næring i kommunen med lite nedgang i talet på aktive brukarar dei siste åra. I 2019 vart det gjeve tilbod om BU-midlar til 2 tiltak om driftsutbygging i kommunen. Gulen fekk tildelt i kr 150 000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar), som vart fordelt mellom 4 søknader. Det har vore liten aktivitet i skogbruket.

## Viltforvaltning

Hjortejakta i Gulen kommune				Fallvilt			Utfall			
År	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Meldingar (stk)	Hjort (stk.)	Oter ørn (stk.)	Daud på staden (stk.)	Ettersøk - ikkje funn (stk.)	Friskmeld (stk.)	Avliva (stk.)
2019	1141	846	74,2	36	34	2	16	7	3	7
2018	906	800	88,3	89	87	2	60	8	1	18
2017	754	704	93,4	18	18	0	10	1	0	7
2016	754	672	89,1	18	18	0	11	1	0	6
2015	749	561	74,9	21	20	1	10	3	2	5

Gulen er ein av dei største hjortekommunane i Sogn og Fjordane. I 2019 vart det ny jaktrekord med 846 felte dyr. Avskytingsprosenten vart 74,2 – noko därlegare enn åra før. Likevel har jegarane gjort ein god jobb og teke ut rekordmange dyr. Det var færre fallvilt enn vinteren 2017/2018. I 2019 hadde kommunen 4 storvald og 39 ordinære vald. 24 vald i Gulen er med i Gulen og Masfjorden bestandsplanområde.

## Brann- og feiarvesen

Gulen kommune samarbeider med Masfjorden kommune om felles brann- og redningsvesen (GMBR). Aktivitetsnivået har også i 2019 vore høgt. Dei fleste utrykningane var som akutthjelpar (sjukdom). Nærleiksprinsippet har vore avgjerande for å lukkast. Det vart i løpet av året gjennomført fleire øvingar internt i brannvesenet og i samarbeid med andre aktørar. Arbeidet med å få på plass øvingsstasjon i Sløvåg nærmar seg realisering.

Det er samarbeid om feieneste i kommunane Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. Ordning for feiring av fritidsbustadar vart sett i verk i 2019 og fakturering for dette har starta. Brannførebyggande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling).

## Veterinærtenester

Gulen administrerer veterinærtenestene for vaktdistrikt Høyanger (Høyanger, Gulen og Masfjorden). 4 veterinærar deler vaktene. Staten dekkjer mesteparten av ordninga.

Det totale talet på byggesaker har auka. Mange av sakene var ikkje i tråd med overordna plan, og kravde dispensasjon før byggeløyve vart gjeve.

Fleire store, tunge søknadar om industri

Tabellen viser når sakene vart registrerte i saksarkivet. Høgt tal for 2017 skuldast førebelse oppmålingar i Prestesundet bustadfelt og tilsvarande for 2018 skuldast

frådeling av hyttetomter på Fallebø. Sjølvé gjennomføringa av oppmålinga og fakturering kjem gjerne året etter at saka er registrert. Til tenesta ligg og retaksering for eigedomsskatt. Dette arbeidet tok ein del tid første halvår.

Hjortejakta i Gulen kommune				Fallvilt			Utfall			
År	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Meldingar (stk)	Hjort (stk.)	Oter ørn (stk.)	Daud på staden (stk.)	Ettersøk - ikkje funn (stk.)	Friskmeld (stk.)	Avliva (stk.)
2019	1141	846	74,2	36	34	2	16	7	3	7
2018	906	800	88,3	89	87	2	60	8	1	18
2017	754	704	93,4	18	18	0	10	1	0	7
2016	754	672	89,1	18	18	0	11	1	0	6
2015	749	561	74,9	21	20	1	10	3	2	5

## EIGEDOMSFORVALTNING

### Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

År	Oversikt vassforbruk	
	Eivindvik vassverk (m <sup>3</sup> pr. år)	Vassforsyning Sløvåg (m <sup>3</sup> pr. år)
2019	71 697	111 910
2018	72 625	107 270
2017	75 762	100 212
2016	67 138	51 321
2015	85 486	37 124

VAR-tenestene er sjølvkosttenester. Abonnentane betaler sjølv kostnaden med tenestene gjennom gebyr.

Vassforsyning: Gulen kommune eig anlegga i Eivindvik og Sløvågområdet, medan resten av vassverka i Gulen er private. Bygging av nytt vassverk på Ånneland blei sluttført i 2019. Pr 31.12.19 står kr 128 768 på sjølvkostfond. Avskrivingar på nye anlegg knytt til vassforsyning i Sløvågen er starta i 2019.

Eivindvik vassverk: Anlegget har fungert utan store feil og manglar. Arbeid med reduksjon av lekkasjar pågår

kontinuerleg med overvaking og retting av feil. Investeringsprosjekt blei utsett i påvente av sluttføring av hovudplan for vatn. Driftsovervakingssystemet er forbetra.

Vassforsyning Sløvåg: Gjennom samarbeid med Masfjorden kommune har leidningsnettet og pumpekapasiteten no vorte oppdimensjonert til vesentleg høgare vassleveransar. Kontrollen med vassleveranse og lekkasjar i Sløvåg er tilfredstillande. Vi hadde ein akutt reparasjon/utbetring på Hovden høgdebasseng grunna lekkasje frå bassengtank.

Avløp: I meldingsåret har det vore ein del problem knytt til avløpssystemet på Byrknes. Uføresette servicereparasjoner og defekte kloakkpumper. Pr 31.12. er sjølvkostfondet i minus med kr 322 600.

Slamtømming: Kommunen har ansvar for slamtømming for ca. 1030 abonnementar. Det praktiske arbeidet er administrert av NGIR. Kommunen har tilsynsplikt i høve til private slamavskiljarar (*ureiningsforskrifta §§ 12 og 13*).

Renovasjon: NGIR driv denne tenesta, og dette fungerer bra. Sjølvkostfondet auka med kr 140 000 til kr 963 000 pr 31.12.19.

### Bygg

Innan drift og vedlikehald har desse større tiltaka vore utførte i 2019: Ny taktekking på 1959-fløyen ved Gulen sjukeheim, ny taktekking i gymsal og garderobebeanlegg ved Dalsøyra skule, fleire elektrotavler er skifta i bygga, utvendig måling av Brekke og Dalsøyra bu- og omsorgssenter, oppussing av kommunale bustader fleire stadar, diverse vindauge og kledning er skifta på skular, generell utskifting av gamle lysarmatur til LED.

Den kommunale bygningsmassen og anlegga vert stadig eldre. Av samla bygningsmasse på 24 648 m<sup>2</sup> er heile 60 % over 30 år og 75 % over 20 år. Revidert eigedomsstrategi blei politisk vedtatt hausten 2019.

Eigedomsforvaltning nyttar forvaltnings-, drift- og vedlikehaldssystemet IK Bygg for innmelding av driftssaker og for dokumentasjon av internkontroll. I tillegg til drift og vedlikehald av eigne uteanlegg utfører eininga slått og vedlikehald på kyrkjegardane og på Flolid i høve til tenesteytingsavtalar med Kyrkleieg fellesråd og Tusenårsstaden Gulatingset, og tenester for Hjelphemiddelsentralen og omsorgseiningerne. Einininga har ansvar for mange arbeidsfelt og eit stort kontaktfelt mot interne brukarar, leigetakrar, kontraktørar, entreprenørar, eksterne tilsyn og innbyggjarane i kommunen.

### Vegar, kaier og uteanlegg

Gulen kommune har 130,5 km kommunale vegar. Både sommarvedlikehald og brøyting vert i hovudsak utført av private kontraktørar og entreprenørar. På tidlegare grusveg mellom Vassvik og Skjerjehamn er det etablert fleire møtestadar og nytt asfaltdekke, grusvegen på Bremnes er asfaltert, det same gjeld ny snuplass for buss på Byrknes. På store delar av Gråvikvegen, Randal og vegstrekninga ovafor Dalsøyra skule har det blitt utført reasfaltring. Risnefjordvegen på Sætre er grøfta for overvatn og vegbreidda auka partivis for klargjering til montering av autovern. Fleire vegtiltak med stikkrenne, grøfter og utviding av vegbane er utført på Hisarøyna.

Det er framleis i overkant av 30 km med grusvegar, noko nedslitte asfaltvegar, manglande autovern og generelt fleire oppgraderingsbehov på kommunale vegar.

Kommunen har vedlikehaldsetterslep på 28 kommunale bruer og 20 kommunale kaier. Tilstandsrapportar er utarbeidd på desse områda.

### Utbygging og andre investeringar

I 2019 har fleire investeringsprosjekt blitt ferdigstilt: Nytt vassverk på Ånneland, avløpsanering og ny gang- og sykkelveg på Byrknes, universell utforming ved alle bu- og omsorgssentra, nytt gjerde på leikeplass og skuleområde ved Byrknes skule, ny løpebane og kunstgrasbane ved Eivindvik skule, ombygging for reinhaldsrom på skular, nytt kjøl-/frysanlegg ved Gulen sjukeheim og utvendig solavskjerming på delar av fasaden ved Gulen sjukeheim.